



Borga Stålbygg AS  
Jonas Pedersen  
Rasmus Solbergs vei 2  
1423 SKI

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/2612 - 22/30977

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
21.04.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 322/280 Mjåtveit**

Tiltak: Oppføring av lagerbygg  
Byggjestad: Gbnr: 322/280  
Tiltakshavar: Ok Property AS  
Ansvarleg søkjar: Borga Stålbygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.03.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det skal visast tilkomstveg, avkøyrsløse med svingradius, snuareal, parkering for både bilar og sykklar i samsvar med planføresegn.
2. Slokkevatn kapasitet med evt. løysing skal avklarast med samferdsel-, veg, vatn og avløps avd. v/Arne Helgesen. Det kan vere aktuelt med brannvasstank.
3. Høgde på bygg er 7,4 meter, men det skal visast kotar for møne-, gesims-, ferdig golv og planering.
4. Det er Mjåtveit næringspark as som står som grunneigar av gbnr 322/280 i matrikkel registeret. Vi ber om formell tiltakshavar samtykker til tiltaket, evt. skrivar fullmakt til etablering av tiltaket.
5. Det var 9 naboar som fekk ikkje digitalt nabovarsel med feil. Det må redegjerast for at de ikkje råka av tiltaket eller stadfestast at det er sendt rekommandert brev, e-post til vedkommande.

### **Til orientering:**

Tiltaket skal plasserast innanfor nedslagsfeltet til Mjåtveitelva. Nødvendige omsyn til elvemusling må takast. Tiltak knytt til anleggsarbeid og overflatevatn må utførast slik at avrenning skje via overvassleidning og fram til fangdam.

Etablert fangdam vil i utgangspunktet vera tilstrekkeleg for å sikra avrenninga til Mjåtveitelva.

Det må likevel utøvast varsemd ved transport, oppbevaring og bruk av olje, anna drivstoff og kjemikalier i anleggsfasen. Akutte hendingar skal rapporterast fortløpande.

Krav til mengd partiklar i vatnet som renn ut i frå reinseparken må ikkje overstiga 2 FTU. Krav om prøvetaking min. 2 gongar i veka. Kommunen skal varslast straks vassprøvene viser for høge verdiar, jf.§ 7.2 i føresegnene.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 22.05.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Ok Property AS

Karenslyst allé 2

0278 OSLO

### **Mottakarar:**

Borga Stålbygg AS

Rasmus Solbergs vei 2

1423 SKI